



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Nina Erdal	Arkivkode: FE-200, TI-&14
Arkivsaksnr: 18/338	Løpenr: 18/4102
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	31.05.2018	023/2018
Kommunestyret	14.06.2018	019/2018

Finansrapportering pr 1.tertial 2018

14.06.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KS- 019/2018 Vedtak:

Finansrapportering for 1.tertial 2018 vert tatt til etterretning.

31.05.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 023/2018 Vedtak:

Finansrapportering for 1.tertial 2018 vert tatt til etterretning.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapportering for 1.tertial 2018 vert tatt til etterretning.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Reglement for finans- og gjeldsforvaltning for Samnanger kommune.

Kva saka gjeld:

I samsvar med reglement for finans- og gjeldsforvaltning vert det lagt fram ein rapport som viser status for forvaltning av ledig kapital, aksjar og oversikt over lån og låneopptak.

Reglement for finans- og gjeldsforvaltning skal vedtakast kvar kommunestyreperiode, oftare ved behov. Kommunestyret vedtok nytt reglement 30.juni 2016.

Finansplassering

Innskot og aksjar:

- Renta i Sparebanken Vest (SPV) er pr april 0,6 % på driftskonto, 0,8 % på fondskonto og 1 % på skattetrekkkonto. Renta i DNB er på 0,35 %.
- Pengemarkedsfondet "Pluss-fondet" har ein verdi pr. 31.03.18 på kr 266 666,16 noko som er ein verdioppgong på kr 905,65 frå 01.01.18.
- Totalt er det 34,4 mill kroner disponibelt på konti og kommunen har god likviditet.

	31.12.2016		31.12.2017		30.04.2018	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Innskot i SPV (driftskonto)	5,55	33 %	14,92	35 %	8,31	24 %
Innskot i SPV (fondskonto)	9,98	60 %	25,29	60 %	25,29	73 %
Innskot i DNB	0,84	5 %	1,67	4 %	0,79	2 %
Pengemarknadsfond:						
Pluss – fondene	0,26	2 %	0,26	1 %	0,26	1 %
Samla kortsiktig likviditet	16,63	100 %	42,14	100 %	34,65	100 %
	Mill NOK	Gevinst/tap	Mill NOK	Gevinst/tap	Mill NOK	Gevinst/tap
Aksjefond	0,00	0,00	0,00	0,00	-	-
Aksjar: Nordisk Areal Invest as	0,25	-0,14	0,00	0,03	-	-
kr pr aksje	6		-		-	
Tidsinnskot						

Lån og rentevilkår

- Det er vedtatt å ta opp eit lån i 2018 på kr 8,46 mill. til mellom anna investeringar i vatn og avløp. Lånet vil bli tatt opp i løpet av dei neste månadane. Det er og vedtatt å ta opp eit nytt startlån på kr 2 mill. Dette er gjort og lånet vart utbetalt i april.
- Norges bank vedtok i rentemøtet 3.mai å halde styringsrenta uendra på 0,5%. Dei har og signalisert at renta mest sannsynleg vil bli sett opp etter somaren i år.
- Kommunalbanken sette opp p.t renta frå 1,5 % til 1,7 % frå 03.04.2018. Det er i budsjettet lagt inn ei flytande rente på 1,6 %
- Husbanken si flytande rente er på 1,58 % og det er ikkje varsla store endringar i mai.
- Renta i KLP kommunekreditt er 1,8 %.
- Kommunen har ca 42 % av lånegjelda med bunde rente. Kravet i finansreglementet er at andel lånegjeld med bunde rente skal vera minimum 20 % og inntil 70 %, vurdert ut i frå marknadssituasjonen.
- Kommunne har no 123 mill kroner av lånegjelda med ei p.t rente som er 0,1 % og 0,2 % over det som ligg inne i budsjettet. Dersom renta vert uendra vil det gje meirkostnad på ca kr 80 000.

	31.12.2016		31.12.2017		30.04.2018	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Lån med pt rente	123,95	56 %	132,46	58 %	131,92	58 %
Lån med NIBOR basert rente						
Lån med fast rente	99,00	44 %	94,56	42 %	94,11	42 %
Finansielle leasing						
Samla langsiktig gjeld	222,96	100 %	227,01	100 %	226,03	100 %
Antall løpende enkeltlån	29		31		30	
Største enkeltlån	NOK 48 mill		NOK 47,5 mill		NOK 47,0 mill	
Rentevilkår:						
KLP: flytande	-		1,80 %		1,80 %	
fast	1,77 % - 1,83%		1,77 % - 1,83%		1,77 % - 1,83%	
Kommunalbanken: flytande	1,80 %		1,50 %		1,71 %	
fast	1,59 % - 2,92 %		1,59 % - 2,92 %		1,59 % - 2,92 %	
Husbanken: flytande	1,89 %		1,58 %		1,58 %	
fast	1,9 %-2,4 %		2,40 %		2,40 %	